Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 21.05.2026

Stian Jean Opedal Davies (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, KrF fram slikt forslag:

> «Alternativ – nytt punkt 3
>
> Fylkesutvalet gir fylkesdirektør fullmakt til å lyse ut og tildele kontrakt inkludert prissette opsjonar for eventuell vidare utgreiing. Fase 0 skal gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme på inntil kr. 1.600.000. Vidare arbeid i fase 1 har ei ramme på opptil kr 6.000.000 dersom fylkesutvalet vedtek vidare utgreiingar etter framlegg av resultata etter fase 0. Fylkesdirektør må sjå om det er mogleg å redusere kostnaden på fase 1 ved forhandlingar og til dømes ved større bruk av eigne ressursar.»

Sigbjørn Framnes (FrP) sette fram slikt forslag:

> «Alternativ
>
> Fylkesutvalet viser til at saka legg opp til ei omfattande og kostnadskrevjande utgreiing av eigenregi for bussdrift, med ei samla mogleg oppdragsramme på inntil 7,5 mill. kroner. Fylkesutvalet meiner det ikkje er godt nok dokumentert at dagens kontraktsmodell har slike manglar at det forsvarar denne ressursbruken. Saka vert sendt vidare til Fylkestinget.»

Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag:

> «Alternativ
>
> Saka går til fylkestinget som oppdragsgjevar for utgreiinga.»

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 8 røyster (H, FrP, UA) og falt.
Innstillinga punkt 1 og punkt 2 vart vedteken mot 8 røyster (H, FrP, UA).
Davies sitt forslag vart vedteke mot 8 røyster (H, FrP, UA).
Innstillinga punkt 3 fekk ingen røyster og falt.
Søviknes sitt forslag fekk 8 røyster (FrP, H, UA) og falt.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek mandat og gjennomføringsopplegg for faseinndelt utgreiing av eigenregi for drift av ei bussrutepakke i Vestland, i tråd med saksframlegget og vedlegg.

2. Utgreiinga skal gjennomførast med bistand av ekstern konsulent og organiserast som oppdrag med faser, politiske styringspunkt og eventuelle avrop på opsjonar slik det går fram av vedlegg til saka.

3. Fylkesutvalet gir fylkesdirektør fullmakt til å lyse ut og tildele kontrakt inkludert prissette opsjonar for eventuell vidare utgreiing. Fase 0 skal gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme på inntil kr. 1.600.000. Vidare arbeid i fase 1 har ei ramme på opptil kr 6.000.000 dersom fylkesutvalet vedtek vidare utgreiingar etter framlegg av resultata etter fase 0. Fylkesdirektør må sjå om det er mogleg å redusere kostnaden på fase 1 ved forhandlingar og til dømes ved større bruk av eigne ressursar.